



Advokatpartner ANS v/advokat Jan H. Rasmussen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3945 - 15/8979

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

06.05.2015

GBNR 24/24 - Merknader til søknad om bruksendring til treningssenter

Det vert vist til tidlegare korrespondanse mellom kommunen og partane i saka, samt søknad om bruksendring av tidlegare drift på gbnr 24/24 frå daglegvarehandel til treningssenter, jf søknad med vedlegg journalført 20.4.2015.

Ansvarleg søker har i følgeskriv til søknaden opplyst følgjande:

«For å få ei endeleg avklaring om aktivitet i treningssenteret fører til ulempe/støy, har tiltakshavar engasjert godkjent firma til å foreta slik måling – Sweco Norge AS. Målinga er tenkt gjennomført ved at ein samstundes måler støy i treningsstudio og i aktuelle leiligheter. Då får ein reelt avklart kva støynivå ein maksimalt kan ha. Naboar som har klaga vil på nytt få tilbod om støymåling. Dersom ein ikkje får løyve til å koma inn, vil målingane verta gjort frå korridorareal i 3.etasje»

Kommunen er i utgangspunktet samd med ansvarleg søkars avgjerd om å gjennomføre støymåling for å klarleggje om støytilhøva i bygget er i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10), eller om det må gjennomførast tiltak for å støtte desse krava.

Tiltakshavar v/Terje Fløysand har i epost journalført 6.5.2015 informert administrasjonen om at støymåling er planlagt gjennomført 20.5.2015, og at naboane som har klaga på drifta er informert om dette og førespurd om tilgang til bueiningane deira for å gjennomføre støymålingar. Det er vidare opplyst at bebuarane som har klaga på drifta har stadfesta at det vil bli gitt tilgang til bueining(ar) for gjennomføring av måling, men ikkje kva for bueining(ar) og heller ikkje om dei vil følgje oppmodinga frå tiltakshavar om å ha representant til stades.

Med bakgrunn i ovannemnde, legg administrasjonen til grunn at støymåling blir gjennomført 20.5.2015, og at Sweco AS vil bli gitt tilgang til aktuelle bueiningar som naboar som har klaga meiner er mest utsett for støy frå verksemda. Administrasjonen finn det difor ikkje naudsynt å vurdere heimelen i plan- og bygningslova § 33-2 (samtykke til undersøking av fast eigedom) for å få gjennomført støymåling.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen ber om tilbakemelding frå partane innan 13.5.2015 dersom ovannemnde ikkje er korrekt.

Med tilvising til forvaltningslova § 17 oppmodar administrasjonen partane om å leggje til rette for at støymålinga kan gjennomførast på ein slik måte at resultatata i størst mogleg grad blir pålitelege.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Advokatpartner ANS v/advokat Jan
H. Rasmussen

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Kluge Advokatfirma Bergen

Postboks 75 5953
Postboks 394 5805

FONNES
BERGEN

NH Treningspartner AS v/Max
Fitness Frekhaug

Sentrum
Fløksand 76 5918

FREKHAUG